

Om hagen vår på Rostadheimen

Vi som kom til Rostadheimen på 70 - og 80-talet, fekk sjå kva grøne fingrar kan få til. Eg kom hit første gongen i 1983, kort tid etter at Åslaug Nysæther døydde. Det vart sagt at hagen vi såg rundt Primen, Mølla, Kvarten og Kvinten var hennar verk-, i samarbeid med mange andre flittige hender som hjalp henne.

«Du skulle sett hvordan det så ut da vi kom hit» sa Edvin ein gong, «Vi måtte brøyte oss fram med øks og sag. Naturen må tøyles ellers tar den overhånd». Småskog og kratt måtte vike. Det var nok å gjere for sterke, unge menn som Steinar, Dagfinn, Gunnstein og dei andre pionérane på plassen. Bed vart forma og Åslaug henta staudar frå fjern og nær. Noko av det første eg lærte då eg kom hit var at til årstidsfestane skulle det stellast like fint i hagen som i husa. Ei faderleg formaning kom frå Edvin så snart han såg at steintrappa opp til Primen ikkje var som ho skulle. Helgeregjeringa slutta ikkje ved døra..... Den gongen var det gjerne to årlege spel i hagen om veret ikkje sette ein stoppar -, til Mikaeli og midtsommar. Dei spela eg var med i vart framførte der Kvarten i dag står.

Midt på 90-talet kom ein ny epoke i Rostadheimen si hagehistorie. Vel finst det mange perler her, men den mest staselege var nok den nær 200 år gamle eika som fall for øksa då ombygginga starta. Med si svære krone trona treet med si veldige kraft oppe på eit berg som ein mektig inngangsport til den vesle husklynga nede i bakken.

Ved alle tap vil ein kjenne både sorg og sinne. Treet kunne stått i 200 år til. No var det vekke. Men som i alle prosessar er det usunt å hake seg opp i det som har vore. Livet i hagen må gå vidare. Der eika stod laga arkitektane til ein parkerings-plass i tillegg til den vi har no. Så mange bilar treng vi vel ikkje plass til her og iallefall ikkje her, tenkte vi. Det var berre å hente fram eikekrafta i oss og tenke på dei som rydda vekk den nesten uoverkommelege urskogen i 63. Vi fann fram hakkar og spadar. Åslaug sin hage var det ikkje stort igjen av, men arbeidet hennar ville vi føre vidare.

Til ære for eika laga vi ein urtehage som på bakken teikna den sirkelen som eika si trekrone hadde teikna mot himmelen. I ettertid kan ein sjå på eika som eit symbol for det gode, gamle,- det trygge som ber oss på sine armar, som byggjer oss opp og gir oss kraft. Men blir ein boren for lenge, blir ein snart trøytt og lat. Eika var vekke, det var også Åslaug og Edvin og

alle dei unge mennene som starta det heile. No var det vår tur til å prøve kraft og styrke.

Med urtehagen starta eit prosjekt som ga idéen til ein ny arbeidsplass for arbeidstakarane våre på Dagsenteret. Det er vel og bra med innarbeid, med baking og safting og song og musikk, men jammen er det godt å komme seg ut óg! At våre arbeidstakarar trivst ute har vi god erfaring med frå arbeidet på 4H-garden borte på Garneset.

Jordflekken lenger oppe i vegen vart i si tid brukt til å dyrke grønsaker for storkjøkkenet i Primem som laga mat til alle på Rostadheimen + Bjørkhaug. I mange år låg så feltet brakk. I fjor på denne tid reiste det seg eit bygg ved det vesle berget: Ein pergola á la Italia! Vi skal ikkje gløyme drivhuset. Det kom først, for den første idéen var å lage ein arbeidsplass. Drivhuset stod støtt, men det gjorde ikkje vi. Både vi og eventuelle tiltrengte kvilestolar sokk ned i den vassrike jorda... Etter drenering av grunnen og oppføring av pergolaen med regnsikkert tak (I Italia er det gjerne vin-ranker.....) heldt vi no vekk vatnet både over og under oss og fekk også ein plass for kvileøktene som for nokre av ulike årsaker er lengre enn arbeidsøktene.

Når ein arbeider ute slepp ein aldri opp for arbeidsoppgaver. Vår arbeidssitua-sjon er slik at vi heile tida må legge arbeidsoppgavene til rette for den enkelte. Det kan vere ille å kreve for mykje og det kan vere ille å kreve for lite. Som pedagogar er det vår oppgave å leve oss slik inn i kvar enkelt at vi fritt kan ta ei avgjerd om kva som til eikvar tid ser ut til å vere det beste. Her må ein lite på kva erfaring ein har og på sin eigen intuisjon. Vi må óg tåle at vi har ulik oppfatning og la kvarandre få prøve seg fram. I ettertid kan vi så samtale om kva vi har erfart. Slik kan vi få eit »større» bilde av kvar arbeidstakar enn om vi berre handla ut frå oss sjølve. I hagen kan vi lære mykje om planter og dyr og himmel og jord, men vi lærer også noko om menneska i hagen.....

Våre arbeidstakarar treng form og grenser for å kjenne seg trygge. Hagebruks-læraren ved Steinerskulen på Paradis, sa då ho var her for eit par år sidan: *«Her må dere få mer form. Denne jordflekken har ingen grenser. Den går helt opp til jernbanen og enda lenger. Det er veldig viktig at dere får en sted-følelse her.»* Berit var i Järna i fjor. Der er det mange hagar og der såg ho noko vakkert. Så då endeleg dagen kom for å sette opp eit gjerde, ville ho gjerne vise kva ho hadde sett. Kurt-Ståle fekk ei grein-saks, Kyrre og Runar drog lange og slanke greiner som vi henta i nabohagen. På veg dit spurde eg: *«Kva treslag er best?»*. *«Hassel, den er seig og sterk.»*

sa Berit. I hagen sat Espen klar med ei mindre saks klar til å fjerne bladverk og smågreiner. Vi henta famner med materiale og Berit var den hendige flettaren.

Då vi bestemte oss for at Kvarten og Kvinten skulle få ein meir dempa kvit-farge, tok vi same farge på pergolaen, med jordfarga listverk. Dei som i starten syntest det vesle bygget såg ut som eit buss-skur, kan berre ta seg ein tur dit. Det vil aldri komme ein buss forbi. Men det er berre å sette seg ned og vente. Pergolaen passar til det óg. Denne hausten er det solsikker som dominerer. Så har óg hagen fått namnet: **SOLHAGEN**

Mykje skal plantast. Vi er berre i starten, men det gjer ingenting. Det er spennande med det som er, men det er minst like spennande med det som kan bli. Og vår hageentusiasme håper vi smittar over på dei vi er her for å hjelpe og som gjer at vi får arbeide her. Vi vil så mange nye frø for 40 nye hageår!

Irén Kleiven
2003